



Sidan Uskedal Idrettslag vart knytt til ordninga frå starten av 2009 har laget fått 91 253 kroner av graasrotmidlane gjennom Norsk Tipping - rekna fram til siste speledag. Laget minnar no om dette på sin heimeside. 110 spelarar er no knytta til laget, men det bør bli fleire

Ved å knyta laget til spelarkoret ditt får laget 5 prosent av innsatsen og det kostar deg ikkje ei krone ekstra. Du blir ikkje belasta noko ved å vera grasrotgjevar.

For å knyta deg til ordninga treng du Norsk Tipping Spillerkort. Enten får du kjøpt det hos kommisjonæren eller du kan bestille det hos www.norsk-tipping.no

Ved å gå inn på den nye heimesida til UIL finn du ein strek-kode som du tek med til kommisjonæren for å registrera idrettslaget som din mottakar

Av Ola Matti Mathisen